



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -

ANALYSE AV BRUKARUNDERSØKING 2014 – ØRSKOG HELSESTASJON, HELSEAVDELINGA

Utsendte skjema: 48 Svar: 17	Ørskog Helsestasjon	Gjennomsnitt landet
Resultat Bruker Ørskog helsestasjon v/tilsette gir god og grundig rettleiing og støtte til brukarane. Når det gjeld tilpassa informasjon i tema amming, kosthald, søvn og barnet si generelle utvikling, har Ørskog høgare tilfredsheit enn landsgjennomsnittet. Det kan arbeidast meir med oppfølging av føresette rett etter fødsel.	5,1	5,0
Brukarmedverknad Det er viktig med god informasjon om dei ulike programma og oppfølginga helsestasjonen er pålagt å følgje og kva tilbod ein elles har/ kan gje tilbod om. For å auke brukarmedverknad bør ein vurdere muligheitene for korleis ein kan få tilbakemelding om behov og ønskjer frå brukarane, og forslag til eventuelle endringar.	4,8	4,9
Respektfull behandling Alle respondentane svarar at dei opplever at dei vert møtt med vennlegheit, respekt og at spørsmåla dei kjem med vert tekne på alvor. Når det gjeld opplevd støtte i val brukarane tek på vegne av barns ve og vel, er det litt fleire variasjonar i tilbakemeldingane.	5,4	5,5
Pålitelegheit og kompetanse Respondentane tilbakemeldar at dei opplever at tilsette ved helsestasjonen følgjer opp det som er avtalt. Føresette møter i hovudsak dei same tilsette ved kvar konsultasjon. Dei aller fleste har stor grad av tillit til råd og rettleiing frå dei tilsette og tillit til deira kompetanse når det gjeld barnet si helse og utvikling.	5,4	5,3
Tilgjengelegheit Fysisk tilgjenge vert av alle opplevd som svært god. Tida som foreldra får til disposisjon på konsultasjonar og opningstidene, er alle nøgde med. Moglegheit for å få kontakt med helsestasjonen vert opplevd som relativt god. Moglegheita til å få avtalar utanom faste konsultasjonar er ikkje alle tilfredse med.	5,2	5,2

Informasjon Tilsette ved Ørskog helsestasjon gjev informasjon som er forståelig og tilstrekkelig. Når det gjeld informasjon om tenestetilbodet gjennom andre informasjonskanalar som heimeside, internett, informasjonsbrosjyrar viser svarprosenten at ein kan vere meir aktiv på dette området .	5,2	5,1
Samordning Av respondentane er det få som tilbakemelder at barnet har behov for samordna tenester som barnevern, PPT, m.m. For dei som har behov for samordna tenester svarar respondentane at dei er fornøgde i litt stor eller ganske stor grad.	4,5	5,0
Heilheitsvurdering Alt i alt er respondentane (føresette) fornøgde med den kontakten dei har med tilsette og tenestene som vert utført av Ørskog Helsestasjon.	5,4	5,4
Snitt totalt	5,1	5,2

Vi ser at resultatet av spørjeundersøkinga er veldig likt resultatet for landet elles. Alt i alt vil vi gi denne oppsummeringa:

Dette er vi gode på:	Dette skal vi arbeide med å bli betre på:
Generelt er det god tilfredsheit blant brukarane i Ørskog med tilsette og tenestene Ørskog Helsestasjon leverar.	Utarbeide informasjonsbrosjyre om Ørskog helsestasjon om; tenestetilbod, opningstid, praktiske opplysningar, kontaktinformasjon og brukarmedverknad. Denne skal delast ut på heimbesøk eg elles ved behov, samt leggjast ut på heimesida.
	Intensivere tilbod om oppfølging og rettleiing av føresette i barseltida.
	Vurdere behov og tiltak som kan utførast for å gi enda betre samordna tenester til dei som har behov for spesiell oppfølging.

Vi takkar for all deltaking i undersøkinga, og minner om at vi ved Ørskog helsestasjon alltid er opne for innspel og tilbakemeldingar som kan hjelpe oss til å auke kvaliteten på tenestene.

Med helsing

Sylvi Sjøholt
Leiande Helsesøster
Helseavdelinga i Ørskog

Janette O. Steinvik
Ass. Rådmann/
Kommunalsjef Helse og omsorg

Postadresse.: 6240 Ørskog

Telefon: 70 27 29 00

Bankgiro: 4060.07.00245

Internettadr: www.orskog.kommune.no

Telefaks: 70 27 29 01

E post: post@orskog.kommune.no

Org.nr: 864 978 932